

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Eid i Nordfjord

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: O. Skipenes

Gard: brukar av gr. nr. 10, br. 1.

(adresse): Nordfjordeid

G.nr.

Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg sjølv veit og har høyrte av far min, 93 år gl.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- Brynet. 1. Brynet kallar vi steinen som vi kvesser oksar, ljå og sigdar med i dag som før 150 år sidan, etter det vi veit, ja endå lenger attende. Det var naturstein som jektene tok med heim frå Bergen liksom dei førde kvennsteinar og slipesteinar med. Brynet var og er så ei 3 dm langt, og så tjukt at det meir eller mindre kan fylla handloven når ein brukar det. Var det ujamt, så sletta ein det gjerne på slipesteinen før ein tok det i bruk. Til stemjarn åt snekkjararbeid, til høvelstenner, sakser og kniv- og slyttar ein no liksom så langt attende vi veit, finare kvessestein, hein, (her kalla hennj).
2. Kunststein til å kvessa med har vunne inngang litt etter litt, mest dei siste 10-åra, (smergelbryne), tjekkoslovakisk og støypt. Det har ein finare og ein grovare ende.
3. Alle bitjarna våre, rakekniven undanteken, vart fyrst kveste på slipesteinen (som gjekk rundt), og etterpå nytta ein brynet eller heinen til å finskjerpa egga med.
4. Då min oldefars far i 1799 kom frå hornindal til Eid og sette bu her, hadde han ljå og sigd med som han sjølv hadde smidt i garðssmidja deire der oppe. Smidje hadde dei så visst på kvart bruk i Hornindal, ljåsmidje. Også her i Eid høyrde smidjene til driftsbyggnadene, men ikkje mange var flinke ljåsmedar som dei i Hornindal både var og er.
Ljåsmidja hadde to amboltar, ein til å rekkja ut ljåjarnet med ein større hammar, rekkjehammaren, og ein lettare hammar, brukt på ein finare ambolt til å tynnaljårne fram med. Desse greier har vi endå etter meir enn 100 år her på odelsgarden vår, no ubrukte.
5. Nokon større liggjande slipestein veit vi ikkje om, ikkje til oks og ljå, men verketadromet på gardane og snekkjarverstadehe har gjerne ein større og liggjande hein, brei nok til å føra høvelstenner fram og attende på, ja også til andre bitjarn.
På sætera der dei slo innhegna (kvia), og ved utmarksløda, (ekogalada) hadde dei alltid ein mindre slipestein ståande ute, og til å ta inn mot vinteren.
6. Er ljåen nyslipt, så er kvota, d.e. slipeflata på begge sider mot egga, flat, plan. (O:kvote lyder som o i born). Vert ljåen brukt ei 5-10 minutt, så vert han nok meir eller mindre ukvass, alt etter som grasbotnen kan vera, då må ein bryna han med nokre drag att og fram etter kvota, langs egga. Brukar ein ljåen ein times tid kanskje, å ja kortare og, då har ein lote brynt mange gonger, og kvota har vorte avrunda så ein knapt maktar "å setja" egga oppatt med brynet, ikkje eingong smergelbrynet, då må ein på slipesteinen med han. Har ein god ljå- høveleg herda, då kan bitet vara endå lenger enn nemnt dersom grasbotnen er tolleg rein for stein og sand.

Utan slipestein klarar ein seg ikkje, for eggjastålet har jern på begge sider, og det må slipast vekk.

7. Natursteibryna kan vera finare eller ^{grovare}hardare, og ein brukar det brynet som passar best etter ljåherdinga, såleis som no dei seinare år med smergelbryna. Trebryne har ikkje vore brukt her det nokon veit, i all vissa ikkje etter år 1800.

8 Når ein sliper eller bryner ljåen, sit han på orvet, for han er fest med streng, vanleg hesjestreng. For 50 år sidan, då hesjestreng helst var kometen lite i bruk, nytta ein alltid einetåger.

9. Når ein bryner, set ein orvet med ljåen på i marka og på skrå opp mot vinstre herad, såleis at orvenden med ljåkjåtten styd seg der og ljåspissen vender framover frå ein. Vinstre hand strekkjer ein så fram og held med fingrane over framste del av ljåbakken så det kan vera støtt når ein bryner. - Styttorven bryner ein på same vis, men då orvet er så kort, held ein det mellom knea. (Deler av indre Nordfjord og Sunnmøre bryner på rødt annan måte, ulikt Eid og Davik)

10-11-12. Brynebutten slutta dei å bruka her for ei 80 år sidan. Han var laga av eit utgata trestykke og fest på beltet noko att på høgre sida så han ikkje skulle slenga alt for mykje og skolast tom for vatn.

No det er mindre ljå slått og har ein brynet i baklumma. Ein vøter det i dogga, aten det no er vanleg steinbryne eller smergelbryne. Vi brukar nok av og til olje på heimen i verkstaden når bitjern skal kvessast, aldri på brynet.

14. Når ein sliper og bryner, løysest det i våta opp litt stein, steinmjøl. Dette kallast her i Eid for slipegot og brynegot-(n), ikkje grut, for det er botnfallet i eit lyse=(tran)bidne.(kjerale)+

15-20. Det ligg ikkje nokor øvtru til bryninga eller til brynegot og brynestein det vi veit. Ein passar berre på at brynet ikkje ligg i solskinnet, for då vert det hardt.

Kjåtten på ljåen er det stykket av han som vert røyrt fast i orvet, den vinkelen som ikkje har egg.

Merknad til nr. 5.

Far min fortel ~~minn~~ at han i 1864-65 såg ein plassmann på garden Myklebust i Eid kvessa ljårne sine på ein slett jørdfast stein. Han sette seg på marka attmed steinen og drog ljåen att og fram. Mannen var frå garden Fitje i Gloppen, fødde to kyr på plassen og hadde vist ikkje slipestein sjølv.

Utfylling til det som tidlegare er sagt om gravferd. Det var spurt om mat og drykk i gravøl, men mindre om skikkar.

Dei "song liket ut or heimen" for 100 år sidan liksom dei endå gjer, og dei song for kvar gard dei køyrde framom, like til gravstaden. Men då dei for or heimetunet, loga det opp eld på gards=eller bygdevegen nær husa, det var sengahalmen at den avlidne som brann. Dotter til min oldefar fortalde meg dette.

No syng dei ikkje lenger om dei fer framom grannegardane, men fyrst når det berst inn på gravplassen.

I Davik herad, der dei ofte må ha båt til gravferda, let dei endå robåten siga seint framom langs strandsida der gardstun ligg, dei legg årane så halvø inn. Har dei motorbåt, så slær dei motoren av nokre minutt så det ikkje er kakking, men heilt stilt. Det har før vore salmesong på båtturen, ikkje no, kanskje einast når dei legg til lands der gravstaden er.